



Nyheitsbrev frå Aukra kommune



Du bør kunne klare deg sjølv i minst tre døgn

Har du alt du treng for å klare deg sjølv i minst tre døgn dersom vatn og straum plutselig blir borte? 31. oktober startar ei landsdekkjande kampanjeveke om eigenberedskap. Aukra kommune vil gjennomføre informasjonstiltak gjennom sosiale media og på heimesida.

Målet med eigenberedskapsveka som blir gjennomført 31. oktober – 6. november, er å gjere oss betre rusta til å stå imot kriser. Du har truleg allereie mykje av det du treng for å klare deg sjølv i tre dagar, så ofte er det ikkje så mykje som skal til for at du og dine nærmaste blir litt betre førebudd.

[Les meir om eigenberedskapsveka og korleis du kan førebu deg](#)

Ope informasjonsmøte om interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar

Planarbeidet er no i gang med konsekvensvurdering av



innspel til arealbruk i sjøområda. Det blir orientert om kva interesser som gjer seg gjeldande og utfordringane og muligheitene med desse.

Møtet er på Aukra kulturhus måndag 7. november kl. 18.00.

[Les planprogrammet som var på høyring våren 2022](#)



No kan frivillige lag og organisasjonar søke om stramstøtte. Perioden du kan søke om er juli til september. Søknadsfrist er 16. november kl. 13.

[Les meir om søknad om stramstøtte](#)



Sjukehuset i Molde tilbyr ulike kurs for pasientar og pårørande hausten 2022. Kursa er for barn, ungdom, familiar og vaksne.

[Les meir om kursa på nettsida til Helse Nordmøre og Romsdal](#)



Har du spørsmål rundt ei ev. atomhending? Direktoratet for strålevern har utvikla ei rekke spørsmål og svar som er retta mot innbyggjarane.

[Spørsmål og svar rundt ei atomhending](#)



Resultat for Aukra etter TV-aksjonen "Saman redder vi liv"

Bøsseberarane har vore på tur på Orta, Gossen og i Julsundet. Det vart samla inn 197 137 kr per 31. oktober, og vi er på ein 15. plass i fylket. Aukra kommune takkar alle bøssebærarane for innsatsen.

Du kan gje eit bidrag til TV-aksjonen ut året - på tre forskjellige måtar:

- Vipps til 2133
- Send SMS med kodeord TVA til 2133 (300 kr)
- Overføre til TV-aksjonskonto 8380 08 09005

[Sjå resultatet for Aukra og landet elles](#)



Helsing frå kommunedirektøren

Hausten er tid for budsjettarbeid. Det er spennande, men krevjande. Sjølv i Aukra kommune! Vi har investert mykje dei siste åra, og det meste av bygg er no fint og flott. Det har også ført med seg at ingen kommune i Møre og Romsdal har så høg gjeld målt per innbyggjar som oss. Likevel står det aller største økonomiske løftet framfor oss; fastlandsløysing for Gossen via Kjerringsundet. Sjølv sagt under føresetnad av at Møreaksen blir bygd. Kjerringsundet vil krevje at kommunen set av meir pengar kvart år framover enn vi har gjort til no. Det er ei viktig investering for framtida, og vil krevje strengare prioritering. Driftsnivået i kommunen er høgt, og aukar mykje raskare enn inntekta. Forventningane til kva kommunen skal ta ansvar for er store. Tidvis for store. Vi går no inn i dei neste åra med behov for omstilling i drifta. Administrasjonen og politikarane har starta på dette arbeidet, og må samarbeide godt om den krevjande oppgåva.



Helsing frå ordføreren

Det er supert å sjå at kulturhuset vårt er i bruk alle vekedagane. Huset har allereie vorte det samlingspunktet vi alle har sett fram til. No ser vi at vi har fått eit sentrumsområde med yrande liv der barn, unge, vaksne, pensjonistar og eldre samlast og er i lag.

Det skjer ein del spanande for tida og som eg lovar å halde alle oppdaterte om. Eg ber dykk alle om å gå inn og lese protokollar frå kommunestyret der orienteringa frå ordføreren ligg etter kvart møte, det gjev eit godt innblikk i ordførarkvardagen.

Ad. situasjonen rundt Nyhamna er eg trygg på at Shell og Gassco, politiet, heimevernet, kystvakta med fleire gjer sitt ytste og beste for at vi som innbyggjarar kan kjenne oss trygge i kvardagen.

Før jul skal kommunestyret vedta budsjettet for 2023, og eg ser at vi politikarar no må prioritere tøffare framover for å sikre best mogleg drift for dei lovpålagte områda kommunen skal drive med. I tillegg fortset vi sjølv sagt å sette av midlar til Kjerringsundet.

SISTE: Melding frå Møre og Romsdal fylkeskommune om at det i november vil bli gjort tiltak mot sjøsprøyt på ferja vår Norangsfjord.

På folkemøtet 26.10. var det eit spørsmål om straumkablar til Gossen: Istad/Elinett opplyser at i tillegg til Nyhamna er det to sjøkablar over til Gossen. Neste år vil det bli ferdigstilt ein heilt ny sjøkabel til Gossen som og vil vere med å sikre straumen til Otrøya



Informasjon om folkeopplysningskampanjen "Snakk om selvmordstanker - det kan redde liv"

Aukra kommune deltek i denne informasjonskampanjen saman med andre kommunar i Trøndelag og Møre og Romsdal. Kampanjen er eitt av fleire tiltak i regjeringa sin handlingsplan for førebygging av sjølv mord, [Ingen å miste, 2020-2025](#), og del av ein større innsats for å førebyggje sjølv mord. Aukra kommune vil publisere ulike informasjonstiltak i fem veker framover.

Meir informasjon om kampanjen og kurstilbod finn du på nettsida til Ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging, region midt (RVTS Midt).



Har du ikkje besøkt digital kafé enda?

Kvar tysdag frå kl. 18.00 til kl. 20.00 fram til 13. desember 2022 er det opent for alle som ønsker å lære meir om korleis navigere i den digitale verda eller berre ønskjer å vere sosial.

Tilbodet held til på Soltun scene på Aukra kulturhus, og har svært låg terskel. Det er ingen påmelding, og alle kan komme og gå som dei vil.

Les meir om dei to første samlingane



Kva skjer på Aukra kulturhus? No har kulturhuset fått eiga heimeside. Her finn du informasjon om ulike arrangement og opningstider for basseng og bibliotek.

Aukra kulturhus si heimeside

Aukra kulturhus si Facebookside



Ørnehaugen er midlertidig stengd for all trafikk

Grunna pågåande utbygging er turstien og andre tilkomstvegar til Ørnehaugen stengd for ei periode. Gjeld frå og med i dag, 17. oktober, og fram til ny melding vert gitt.



Våre publiserte nyheitsbrev

Du finn våre tidlegare nyheitsbrev på Aukra kommune si heimeside.

[Tidlegare nyheitsbrev](#)

Kva skjer i kommunen?

**Kvar
tysdag**

Digital kafé på Soltun scene kl. 18.00 - 20.00 til og med 13. desember. Aukra pensjonistlag og Aukra kommune inviterer alle som ønsker det til digital kafé. Enkel servering.

6. nov.

Kino:

Lille Ville Krokodille (6 år)

Smile (15 år)

[Kinoprogrammet finn du på Bygdekinoen si nettside.](#)

7. nov.

Ope informasjonsmøte om interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar kl. 18.00 - 20.00 ved Aukra kulturhus.

**7. og 21.
nov.**

Bli med oss gruppe

Gratis tilbod med enkle aktivitetar, kaffi, mat og prat. Alle som ønskjer det er hjerteleg velkommen! Kl. 13:00 - 15:00 i kantina på Aukra omsorgssenter. Om du har spørsmål, kan du ta kontakt med Inger Lyngvær på telefon 452 63 896. Arrangert av Aukra demensforening i samarbeid med Aukra kommune

17. nov

Kommunestyremøte kl. 14.05 i kommunestyresalen

[Du kan følgje møta via KommuneTV](#)

Nov.

Andre arrangement ved kulturhuset [finn du ved å besøke heimesida til Aukra kulturhus.](#)

Skriv til oss

AUKRA KOMMUNE

Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

[Epost](#)
[E-dialog](#)

Snakk med oss

SENTRALBORDET

Mån - fre: 09.00 - 14.30
Telefon: 71 17 15 00

[Finn ein tilsett](#)

Besøk oss

KOMMUNEHUSET

Mån - fre: 10.00 - 14.00

Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

[Kontaktskjema](#)

[Personvern og
informasjonskapslar](#)

[Vis i kart](#)



Aukra – full av energi!

[Meld deg av nyheitsbrevet](#)